

---

**Saknr:** 2020/41675-1  
**Saksbehandlar** Hege Løvteit  
**Dato:** 24.02.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør Infrastruktur og veg - Dina Lefdal

---

## Uteservering i Bergen sentrum på fortau på fylkesveg

### Om notatet

I Bergen sentrum er det fleire stader utleige av fylkeskommunalt fortausareal til uteservering. Dette notatet gir ei oversikt over tidlegare handtering av desse avtalene, og eit forslag til korleis ein framover skal handsame avtalar for utleige av fortausareal.

### Bakgrunn og tidlegare praksis for utleige av fortausareal

Fram til 2020 samarbeidde Statens vegvesen (SVV) og Bergen kommune om utleige av areal til uteservering. Bergen kommune v/Bymiljøetaten (BME) inngikk leigeavtaler med leietakarane for utservering, for både kommunale, fylkeskommunale og statlege eigde areal, og fekk alle leigeinntektene for dette. SVV gjorde trafikkfaglege vurderingar av saker som vart sendt på uttale, samt at dei følgde opp klagehandsaming. Fram til sesongen 2018 var samarbeidet avklart gjennom ein avtale. Avtalane gjaldt 20-25 restaurantar/kaféar.

Når samarbeidsavtalen gjekk ut etter 2018-sesongen vart ordninga vidareført for 2019-sesongen utan avtale. Avtalen er ikkje fornya for årets sesong som startar 1.april. SVV har informert om at dei med stort sannsyn vil ta ut sine statleg eigde areal frå avtalen frå og med 2020-sesongen, og forvalte dei sjølv vidare. SVV har og gitt uttrykk for at dei hadde utfordringar knytt til avtalen med kommunen, mellom anna på grunn av manglande oppfølging frå BME når det gjaldt arealbruk avklart i inngåtte avtaler.

### Regionreforma og ansvar for utleige av fortausareal

Regionreforma, der arbeidsoppgåver vert overførte frå Statens vegvesen til fylkeskommunane, gir også overføring av ansvaret for oppfølging av utleige av fortausareal. I utgangspunktet er det Bergen kommune som omtalt over, har hatt ansvaret for utleige av fortausareala på vegne av Statens vegvesen. Denne avtalen gjekk ut i 2018, vart vidareført i 2019, men er ikkje fornya for 2020. Når regionreforma har flytta ansvaret for fylkesveggar over til fylkeskommunen må fylkeskommunen ta standpunkt til korleis vi ønskjer å ivareta vårt eigarskap til desse areala som vanlegvis er leigd ut til uteservering. Vidare må det avklarast kva avdeling som skal ha ansvaret med å følgje opp utleige av areala.

**Vurdering**

Fylkesdirektør for infrastruktur veg (INV) meiner at fylkeskommunen sjølv bør ta ansvar for og inngå leigeavtaler med dei som vil leige fortausareal for uteservering. Bakgrunnen er at fylkeskommunen har naudsynt kompetanse til å inngå avtaler sjølv. Vi kan ta ansvar for oppfølging av avtalane og få inntektene for slik utleige sjølv. Slik vil fylkeskommunen ikkje vere avhengig at kommunen følgjer opp avtalane både formelt og gjennom kontrollar på staden. Det er eit tilleggsmoment at Statens vegvesen truleg vil trekke sine fortausareal ut av tidlegare inngåtte avtaler med kommunen.

**Oppsummering og konklusjon**

Regionreforma og avvikling av ordninga med sams vegadministrasjon medfører at fylkeskommunen må avklare korleis vi ønskjer å forvalte og følgje opp utleige av fylkeskommunale fortausareal. Administrasjonen rår til at fylkeskommunen sjølv inngår avtale med dei aktuelle partane. Vi vil inngå avtalar på bakgrunn av trafikale vurderingar, samt følgje opp og fakturere leigetakarar.